

DETALJREGULERING

Tangen _Møsstrand, Vinje kommune



PLANOMTALE

Dato for siste revisjon: 24.02.2025

Tittel:

Planomtale, Detaljregulering Tangen Møsstrand, Vinje kommune

Forfattarar:

Feste Landskap • Arkitektur v/Stina Lindland Østevik og Tone Telnes.

Dato:

15.10.24

Oppdragsgjevar:

Vinje kommune

Kontaktpersonar:

Åsmund Ringhus Nordheim og Anne-Sofie Bergene Strømme

Prosjektoppsumming:

Prosjekttema:

Detaljreguleringsplan

Prosjektleder i Feste:

Stina Lindland Østevik

Kvalitetssikra av:

Aslaug Norendal og Tone Telnes

Produsert av:

Feste Landskap • Arkitektur

Avd. Feste sør as

Org nr: 960 910 680

Adr: Tordenskioldsgate 6, 3922 Porsgrunn

Tlf: + (47) 97 52 20 11

E-post: sor@feste.no

www.feste.no

INNHALD

1	SAMANDRAG.....	4
2	BAKGRUNN	5
2.1	Målet med planen.....	5
2.2	Forslagstillar, plankonsulent, grunneigarar.....	5
2.3	Tidlegare vedtak i saka.....	6
2.4	Utbyggingsavtaler	6
2.5	Krav om konsekvensutgreiing	6
3	PLANSTATUS OG RAMMEVILKÅR.....	6
3.1	Nasjonale planar/lover.....	6
3.2	Tilgrensande planar	7
3.3	Temaplanar	8
3.4	Statlege føringar	8
4	OMTALE AV PLANOMRÅDET	8
4.1	Plassering og avgrensing.....	8
4.2	Arealbruken i området.....	8
4.3	Landskapet og staden sin karakter.....	9
4.4	Kulturminne og kulturmiljø.....	10
4.5	Næringsgrunnlag.....	12
4.6	Infrastruktur.....	13
4.7	Trafikksituasjonen.....	14
4.8	Byggeskikk.....	15
4.9	Naturverdiar	16
4.10	Villrein.....	19
4.11	Friluftsliv og rekreasjon.....	20
4.12	Naturressursar	21
4.13	Born og unge sine interesser	22
4.14	Universelt tilgjenge	22
4.15	Grunnforhold – Skred og skredfare	23
4.16	Klima	23
4.17	Klimatilpassing og vatn.....	24
4.18	Risiko- og sårbarhet – eksisterande tilhøve	25
4.19	Støy	26
4.20	Luftforureining og elektromagnetisk stråling.....	26
5	PLANPROSESSEN	26
5.1	Oppstartsmøte.....	26
5.2	Medverknadsprosess	26
6	OMTALE AV PLANFORSLAGET	36
6.1	Planlagt arealbruk	36
6.2	Reguleringsføre mål	37
6.3	Omsynssoner	38
6.4	Rekkefylgje-føre segner	39
6.5	Plassering og utforming av tiltaka	39
6.6	Trafikk	47
6.7	Tilknytning til infrastruktur	47
6.8	Planlagde offentlege anlegg.....	48
6.9	Miljøoppfylging	48
6.10	Universell utforming	48
6.11	Landbruksfaglege vurderingar	48
7	VERKNADER/ KONSEKVENSAV TILTAKET.....	49

7.1	Overordna planar.....	49
7.2	Landskap	49
7.3	Estetikk byggjeskikk.....	49
7.4	Kulturminne og kulturmiljø.....	52
7.5	Jord- og skogbruksinteresser	52
7.6	Naturmangfald og tilhøve til naturmangfaldlova § 8-12.....	52
7.7	Geoteknisk vurdering.....	53
7.8	Friluftinteresser og folkehelse.....	53
7.9	Trafikk	54
7.10	Born- og unge sine interesser	54
7.11	Eldre sine interesser	54
7.12	Sosial infrastruktur.....	54
7.13	Klimatilpassing	54
7.14	Oppsummering frå ROS analysen	55
7.15	Konsekvensar for næringsinteresser.....	56
7.16	Interessemotsetnadar.....	56
8	AVSLUTTANDE KOMMENTAR.....	56

1 SAMANDRAG

Målet med planen er å leggje til rette for stadbunden næring og eit berekraftig grunnlag for fast busetjing på Møsstrond. Det er gjennom planarbeidet ynskjeleg med dialog med lokalsamfunnet om å utvikle tiltak som styrkar eksisterande busetjing og også kan føre til ny busetjing.

Det har vore god dialog med lokalsamfunnet gjennom prosessen, med utgangspunkt i arbeidet som vart gjort med mulighetsstudien i 2022/23. Tiltaka i planen er alle kome inn som innspel frå dei fastbuande.

Planprosessen har samanstilt ynskja med andre interesser som omsyn til natur (myr), villrein og kulturminne. Tiltaka det leggjast til rette for skal vera stadtilpassa og styrke busetjinga.

Rammene planen set tar utgangspunkt i stad og landskap. Illustrasjonane viser at med ei slik utbygging vil kvalitetane i området takast omsyn til.

Gjennom planprosessen har ein kome fram til tiltak som vi meiner vil styrke eit berekraftig grunnlag og godt utgangspunkt for å styrkje fast busetjing på Møsstrond.

2 BAKGRUNN

2.1 Målet med planen

Målet med planen er å leggje til rette for stadbunden næring og eit berekraftig grunnlag for fast busetjing på Møsstrond. Det er gjennom planarbeidet ynskjeleg med dialog med lokalsamfunnet om å utvikle tiltak som styrkar eksisterande busetjing og også kan føre til ny busetjing.

2.2 Forslagstillar, plankonsulent, grunneigarar

Forslagstillar: Vinje kommune

Plankonsulent: Feste Landskap • Arkitektur

Grunneigarar:

Planområdet ligg innafor fylgjande eigedomar:



Gnr /bnr	Eigar
160/12	Jon Håkon Hove
160/2	Borgar Vågen

2.3 Tidlegare vedtak i saka

2.4 Utbyggingsavtaler

Det er ingen utbyggingsavtaler på gang i området.

2.5 Krav om konsekvensutgreiing

Planar og tiltak som kan ha vesentlege konsekvensar for miljø og/ eller samfunn, skal etter plan- og bygningslova konsekvensutgreiast. Forskrifta om konsekvensutgreiingar skal fylgjast. Konsekvensutgreiingar skal sikre at verknadar av planen og tiltaka vert vurdert i planarbeidet og i vedtaksprosessen. Dette skal sikre at ålmenta og andre får informasjon om utbyggingstiltak som kan ha vesentlege konsekvensar for omgjevnadane. Retten til slik informasjon om konsekvensane av inngrep i miljøet, er grunnlovsfesta i Noreg (Grunnlova § 110b).

Vurdering etter «Forskrift om konsekvensutgreiingar» av 2017:

Planarbeidet er vurdert til å ikkje vera omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing.

3 PLANSTATUS OG RAMMEVILKÅR

3.1 Nasjonale planar/lover

- Plan- og bygningslova (LOV-2020-12-18-151 frå 01.01.2021)
- Naturmangfaldlova (LOV 2009-06-19 nr. 100)
- Vassressurslova (LOV-2017-06-21-101 frå 01.01.2018)

3.1.1 Fylkeskommunale planar

- Regional klimaplan for Telemark 2019-2026
- Regional plan for Hardangervidda 2019-2035. Området ligg i «fjell og fjordbygder» innafor denne planen.

Utdrag frå Retningslinjer for Regional plan for Hardangervidda 2019-2035:

”6.2 Hovedtrekk i arealbruk Fjell- og fjordbygder –

Denne sonen omfatter fjell- og fjordbygder med eksisterende spredt fast bosetting. Innenfor planområdet utgjør bygder langs Totak, Grungevatn og Møsvatn i Vinje kommune, Osa i Ulvik og Reinsnos og Valldalen sør for demningen i Odda kommune denne sonen. Samlet utgjør denne sonen 1,3% av planområdet. Det er ønskelig å styrke disse bygdene med ny bosetting. Næringsutvikling knyttet til tilleggsnæringer som turisme og miljøbasert næring vil øke næringsgrunnlaget og styrke grunnlaget for den faste bosettingen i disse områdene. Retningslinjene legger opp til at kommunene gjennom sin kommuneplanlegging selv skal avklare omfang av næring, bosetting og fritidsbygg i denne sonen.”

3.1.2 Kommunale planar

- Kommuneplan, Vinje kommune.
I gjeldande kommuneplan er planområdet regulert til «LNF- areal med høve til spreidd bustad- og yrkesbygging (SBY 3)
Rullering av arealdelen av kommuneplanen er sett igang.
Planprogram er vedteke i kommunestyret 15.09.22.



Figur 1: Utsnitt av Vinje kommune sin gjeldande arealplan/kommuneplan.
Planområdet ligg mellom Varland og Varbø på kartutsnittet.

Utdrag av relevante føringar frå gjeldane kommuneplan:

4. LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE (LNF) (§ 11-7 NR. 5) I LNF- områda skal omsynet til landbruk, natur og friluftsliv prioriterast. Det er per definisjon ikkje lov med anna utbygging enn det som er knytt til stadbunden næring.

4.2 SPREIDD UTBYGGING I LNF – OMRÅDA (§ 11 – 7 NR. 5 b)

4.2.1 Generelt (§ 11-9)

Tiltak skal ikkje vera i konflikt med arealbruksinteresser knytt til landbruk, naturvern, landskap, vassdrag, kulturminnevern og friluftsliv.

4.2.2 Område for spreidd hyttebygging i LNF – område

Plankrav (§ 11-11 nr. 2) Ved frådeling/ bygging av minst 4 nye einingar i same området, er det krav om detaljplan. Ved frådeling/ bygging av minst 2 nye einingar i område med eksisterande hyttebusetnad, og ved tilrettelegging av hytter med høg sanitær standard, skal behovet for plankrav vurderast.

4.2.5 Område for spreidd bustad- og yrkesbygging i LNF - områda

Plankrav (§ 11-11 nr. 2) Ved frådeling/ bygging av minst 4 nye einingar i same området, er det krav om detaljplan. Ved frådeling/ bygging av inntil 4 nye inkl. eksisterande, skal behovet for plankrav vurderast. Tilhøve som bør vurderast er om arealbruken i området verkar oversikteleg, om det ligg føre etablert tilkomst/ avkøyring, om det er potensielle konflikhtar i høve til naboar, eller om det ligg føre særlege tilhøve/ omsyn som må avklarast i detaljplan.

3.1.3 Gjeldande reguleringsplanar

Det er ingen gjeldande reguleringsplanar innafor planområdet, eller planar som vert påverka av dette tiltaket.

3.2 Tilgrensande planar

Det er ingen tilgrensande reguleringsplanar i dette området, og heller ikkje noko igangsett planarbeid.

3.3 Temaplanar

- Regional plan for Hardangervidda 2019-2035, ei heilskapleg forvalting av fjellområde som er spesielt viktige for framtida til villreinen i Noreg.

3.4 Statlege føringar


- Statleg planretningsline (SPR) for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (FOR-2014-09-26-1222) 26.09.2015.
- Statleg planretningsline (SPR) for klima- og energiplanlegging i kommunane (FOR-2018-09-28-1469) 28.09.2018.
- Rikspolitisk retningsline (RPR) for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga (FOR-1995-09-20-4146) 20.09.1995.
- Den europeiske landskapskonvensjonen (ETS nr. 176) 20.10.2020.
- Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag (FOR-2015-06-19-716 fra 01.01.2016)

4 OMTALE AV PLANOMRÅDET

4.1 Plassering og avgrensing

Planområdet ligg i bygda Møsstrond ved Møsvatn. Det varsla området ved planoppstart strekker seg om lag 3,5 km langs Varlandsvegen. Gardsbruka Haug og Varbø ligg langs vegen med knutepunktet på Varland i nord. Plangrensa fylgjer grensa i arealdelen av kommuneplanen som er sett av til LNF-spreidd utbygging mot aust.

Planområdet som vart varsla er ca. 1800 daa og vist på kartutsnitt under.



Figur 2 og 3: Planområdet som vart varsla ved oppstart av planarbeidet er vist i figuren til venstre med tjukk stipla line. Justert planområde er vist med smalere line på figuren til høgre. Etter justeringa er planområdet på ca 120 daa.

4.2 Arealbruken i området


Planområdet på land er i overordna plan sett av til LNF med høve til spreidd bustad- og yrkesbygging.

Planområdet omfattar også delar av Møsvatn. Dette arealet er avsett til Vassdrag med tilhøyrande strandsone.

Der vegen stoppar på Varland er eit viktig knutepunkt for fastbuande som bur innover langs vatnet. Her ligg småbåthamna og garasjane og det er staden der ein skiftar mellom transportmiddel, frå båt eller snøskuter til bil eller buss. Det er også eit viktig utgangspunkt for besøkande till Møsstrond. Dei fleste som skal innover til hytter eller til kyrkja på Hovden eller skal leige båttransport, har knutepunktet på Varland som utgangspunkt.

4.3 Landskapet og staden sin karakter

Varlandsvegen ligg fint tilpassa langs vestsida av Tangen. Bjørkeskogen står ganske tett utanom "glennene" av jordbrukslandskap knytt til dei tre ytre gardsbruka. Dette er dyrkamark og slåttenger, som vitnar om at folk bur her og held landskapet i hevd. Landskapet ligg med slake bjørkeskogkledde lier mot vatnet. På andre sida av vegen stig terrenget på og vert brattare opp mot toppen av halvøya. Her nede i strandsona oppheld ein seg inne i bjørkeskogbeltet i ly for ver og vind. På eit par stader med bergknattar eller i små myrdrag langs vegen, opnar utsynet seg mot vatnet og ein får glimt av fjellheimen som reiser seg innover mot Hardangervidda.



Det ligg små klynger med bygg langs Varlandsvegen ut mot knutepunktet.



Utsyn over landskapet frå vegen utover på Tangen, sett frå Varlandsvegen ved garden Haug. Vegen ligg lågt i landskapet i vest langs Møsvatn med skogen og stigande terreng innover på Tangen mot aust.




Frå småbåthamna på Varland. Utsyn mot Hovdøya. Foto frå synfaring juni 2022


4.4 Kulturminne og kulturmiljø

Møsstrond ligg i eit rikt kulturlandskap som strekker seg ut frå dagens Møsvatn. Kulturlandskapet rundt Møsstrond vitnar om ein storstilt og langvarig produksjon av jern. Spora etter denne aktiviteten ligg igjen som kolgroper, slagghaugar og rester etter jernvinneomnar. Slepå i nærområdet viser tilbake til ferdsel over vidda og handel med råvarer som reinsdyrhorn og -skinn i tillegg til jernet som ble produsert i området i tidlegare tider.

Dei registrerte fornminna på Tangen og øyene rundt, er mange. Det er spora etter jernutvinninga som var stor næring her som gjer utslaget. På ytre del av Tangen er det i hovudsak kolgroper og slagghaugar ein har funne. Dei større utgravingsområda på Tangen ligg lenger inne, på nordaustsida med Erlandsgard og på vestsida ved Neset. På Hovden og Neset er det funne hustuffer, truleg frå rundt 1200 e.Kr. Forteljinga om denne tidlege industrien som hadde stor aktivitet rundt vatnet, er spennande. Han knytter Møsstrand til handel med eit stort omland og gjev landskap og busetjing historisk djubde.



Figur 4: Kart over registrerte fornminne på Tangen. Frå boka Jernvinna på Møsstrand av Irmelin Martens og Anna M. Rosenqvist (1988)



Figur 5: Innafor planområdet er det registrert 5 fornminne tidlegare. Det er ikkje gjort nye undersøkingar i forbindelse med planarbeidet.

4.5 Næringsgrunnlag

Historisk

Det er fjellet og vatnet som har danna livsgrunnlaget for Møsstrand-samfunnet. Naturressursane på vidda har gjeve grunnlag for jakt og fiske, og spora etter jernutvinninga i myrlandskapet rundt vatnet fortel om særprega stadbunden næring. Spor heilt tilbake frå ca 550 e. Kr. viser eit kulturpåverka landskap, med kombinasjon av gardsdrift og jernutvinning.

Seinare vart krafta i vatnet den ettertrakta naturressursen. Vassdragsreguleringa som skjedde frå 1903 til 1942 hadde dramatiske konsekvensar på bygda. Jordvegen blei mindre då vass-standen steig og variasjonar i vass-spegelen, til ei kvar tid regulert av industriens behov, gav store utfordringar for dagleglivet rundt vatnet. Gardar og tun måtte flyttast opp i terrenget og fleire husestadar vart liggjande under vatn. Det regulerte vatnet hadde påverknad på landskapet, lokalklimaet og naturen. Ved mykje nedtapping kunne våren koma seinare enn normalt, noko som førte til utfordringar i jordbruket. Strendene fekk mange stader problem med erosjon og vart i lange periodar liggjande som nakne "steinørkenar". Fisken fekk det tøffare med eit regulert vatn som skapte problem i gyte- og yngleperioden. Dette er framleis situasjonen rundt Møsvatn. Variasjonen i vass-stand har kanskje heller blitt verre enn betre dei seinare åra, med varierende nedbør og stor etterspørsel på straum. Men trass i dei mange

utfordringane dette gjev, er Møsstrond framleis ei bygd med fast busetjing, også innover vatnet på veglause gardar. Bygdi er også ein populær feriestad for hytteeigarar og fjellvandrar.

Vatnet frå Møsvatn forsyner fem kraftverk på vegen ned mot Tinnsjøen. Dette landskapet, naturgrunnlaget og bygdesamfunnet er ein sentral del av industrihistorien til Rjukan og Notodden industriarv.

I dag

Næringsgrunnlaget innafor planområdet i dag er for det meste knytt til funksjonar rundt knute-punktet. Det er garasjeutleige, frakt av turistar med båt eller skuter, båthamna med utleige av båtplassar. Det er også nokre arbeidsplassar knytt til fellesfunksjonar som post, renovasjon og elbil-lading. Langs Varlandsvegen på Haug ligg det også ein verkstad der dei driv med service og reparasjonar av snøskuter og småbåt (Snøscooterservice Møsvatn sidan 1977).

4.6 Infrastruktur

Første bilvegen inn til Møsstrond kom i 1904 frå Rjukan til den planlagte dammen ved Holvik. Vegen frå Raulandsgrend til Kromviki kom i 1930. Riksvegen mellom Rauland og Møsvassdammen kom i 1939. Vegen langs Tangen ut til Varland kom i 1978 og har namnet Varlandsvegen.

Varlandsvegen fører fram til hamna på Varland, som også er knutepunktet som binder den veglause bygda saman med fastlandet. Aktivitetane og dagleglivet som foregår her gjev staden karakter. Her handlar det meste om omlasting og skifte av transportmiddel, frå bil til skuter eller båt. Parkerings-flater og garasjebygg dominerar her ved enden av vegen. Plass for båtopplag/-parkering er ein viktig del av parkeringsfunksjonen, sidan mange trekker opp båtane mellom bruk.

I småbåthamna ligg det også eit lite tankanlegg, som forsyner båtar og skuterar med drivstoff.



Garasjeanlegg, båtopstilling og parkering på Varland. Foto frå synfaring i september 2022

Hamneanlegget som blei bygd på 1990-tallet er laga med utgangspunkt i vassstanden frå kote 914 og oppover. Denne får svært redusert kapasitet ved lågare vass-stand. I planprosessen er det ytra ynskje om å kunne skilje bruk av hamna i eit anlegg for fastbuande og eit for hyttefolket.

RenoVest arbeider med planar for oppgradering av renovasjonspunkta i området. Dei har, i samråd med lokale representantar, kome med forslag til plassering av nytt anlegg med søppelsortering.



Bilete viser situasjonen 13.juli 2022. Då var vass-standen i Møsvatn 913,50 meter over havet. Det skapar problem for dei 46 fastbuande som er avhengig av båt for å koma seg til skule, butikk, postkontor og jobb. Kjelde: Telemarksavisa. Foto: Kenneth Frantzen

4.7 Trafikksituasjonen

Fv. 851 Varlandsvegen går gjennom planområdet og endar ved Varland. Dette vil vera tilkomstveg for nye tiltak som planleggjast. Vegen er om lag 5m brei, er asfaltert utan gul stripe i midten og har til-rettelagte møteplassar undervegs. Vegen brøytes vinterstid, men er periodevis stengt som fylgje av dårleg vêr. Varland er eit viktig knutepunkt for fastbuande som bur vidare innover Møsvatn, og som brukar dei eksisterande fasilitetane som parkeringsplass, garasjeanlegg og småbåthamn for naudsynt vidare transport.



Vegen er om lag 5m brei og har møteplassar. Biletet viser garasjane som ligg omtrent 500m sør for knutepunktet

4.8 Byggeskikk

Dei eldste husdyhusa var bygd av stein, gjerne med metertjukke veggar fylt med jord. Talet på innhus varierte frå gard til gard, men kvar funksjon hadde sitt eige hus. Dette gjev ein bygningsstruktur av mange mindre bygg som dannar tun og er enkle å innpasse i terrenget. Stoga vart fyrst bygd i stein, bjørkestokkar eller jord. På nyrydningsplassar blei det mange stader bygd bjørkebuer heilt fram til siste århundreskiftet, og steinstova på Argehovd var i bruk heilt fram til 1930. Utover på 1700-talet blei tømrene etterkvart bygd av furu og gran og stogene blei større. Dei fleste bruka hadde bur, medan lofta ikkje var så vanlege. Organisering av husa i tunet var litt tilfeldig i motsetning til tradisjonen elles i Vest-Telemark der rekketunet dominerte. Det hadde heller fleire fellestrekk med firkanttunet i Tinn. I dagens situasjon på Tangen har gardsbruka Varbø og Varland framleis ei viss grad av tundanning, men med dei fleste av husa skifta ut frå 1950-talet og framover. Langs vegen og på knutepunktet er det store garasjebygg med saltak som dominerar.




Dei gamle uthusa på Argehovd var bygde av stein og bjørkestrangar. Foto frå mellomkrigsåri. Kjelde Øystein Kostveit si bok "Fjellbygd ved Møsvatn"



Tunet på garden Argehovd. Husa ligg fint tilpassa i terrenget. Kjelde NRK-serien "Der ingen skulle tru at nokon kunne bu"

4.9 Naturverdiar

Kartlegging av naturverdiar er utført av Biofokus AS v/Sigve Reiso . Registreringane er gjort sommaren 2023 og samla i rapporten *Naturmangfold på Tangen på Møsstrond, Vinje kommune*, Biofokus rapport 2023-127. Oppdraget til Biofokus har vore å kartleggje og omtale naturmangfald i det varslede planområdet, samt å vurdere kor sårbart det er og kva omsyn som bør takast. Kartlegginga er gjort av heile området som fyrst blei varsla og som sidan er vesentleg redusert.



Figur 6: Naturtyper registrert innafor det varsle planområdet . Den røde stipla grensa er planforslagets plangrense. Innafor planforslagets grense er det ingen registrerte natur

4.9.1 Kunnskapsstatus naturmangfald

Kunnskapen om naturmangfaldet generelt i området er forholdsvis god. Dette gjeld spesielt kunnskap på naturtypenivå og om karplantefloraen i området. Kunnskapen om kor viktig området er for fuglelivet veit ein lite om. Framfor alt dei frodige skogane i området har truleg ein viktig lokal funksjon for fuglelivet. Insekt og andre virvellause dyr har vi liten kunnskap om i området. Her må vi også gå utifrå at både dei rike skogtypane og dei våte områda og myrkompleksa har ein viktig funksjon. I forhold til vidare arealplanlegging er kunnskapen om naturmangfald samla sett forholdsvis god, jfr. Naturmangfaldlova § 8 om kunnskapsgrunnlaget.

4.9.2 Raudlisteartar

Det er registrert tre raudlista karplanter i området som ble kartlagt, men ingen av disse er innenfor planområdet.

Det blei ved feltarbeidet i juli observert ein del sommarfuglar i området, herunder mykje fjellbloddråpesvermar, men det blei ikkje gjort observasjonar av raudlista eller spesielt krevjande artar.

4.9.3 Vassdrag og myr

Møsvatn er i Vann-nett registrert med moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand. I tillegg går det fleire bekkar gjennom planområdet, som alle er registrerte med god økologisk tilstand. Det er store areal med myr innafor planområdet.

Planområdet ligg nær dei meir uberørte delane av Tangenhalvøya, med m.a. Møsvasstangen landskapsvernområde med dyrelivsfreding. Sjølv om naturen i planområdet er meir påverka av bebyggelse og aktivitet, vil den kunne huse ein del av det same artsmangfaldet. Dei fugleartane som er mest følsame for uroing og som treng større myrområde, vil i lita grad bruke planområdet som hekkeområde. Verneområdet har status som Ramsar-område, dvs. våtmark med internasjonale verneverdiar og verneforpliktelser: *«Møsvasstangen er eit stort og variert naturområde, med glidande overgangar mellom fleire typer myr, vann og fjellbjørkeskog. Området har stor verdi som hekkeområde for våtmarksfugl, og over 130 hekkande artar er registrert. Eksemplar på vanlege hekkefuglar er trane, rødstilk, grønnstilk, toppand, krikand, enkeltbekkasin og svømmesnipe» (Miljødirektoratet, 2024).*


Myrene i planområdet heng til dels saman med dei større myrareala mot aust og nord på Tangen-halvøya. Dei er dermed del av eit større samanhengande myrsystem som er svært viktig for mange organismegrupper. Denne samanhengen gjeld spesielt for dei litt større myrområda i planområdet, som nord for Varland (herunder DN13-lokalitet 8) og den store myra mellom Varland og Vardbø. I sør er det også myrsystem oppe på platået i aust som strekkjer seg med smale armar av rikmyr ned og inn i planområdet, bl.a. i tilknytning til høgstaudeskogane i DN13-lokalitet 1, 2 og 3. Sigevatnet og bekkane frå myrene på platået er svært viktige for den kalkrike vegetasjonen i lisdene i planområdet.

Myrsystema og dei fuktige skogtypane i planområdet er samla sett svært viktige for artsmangfaldet av mange ulike artsgrupper. Dei har også ein generelt viktig funksjon for å oppretthalde økosystema i landskapet og for økosystemtenester som vasshushaldning, karbonbinding m.m. Naturen i planområdet som heilskap har også ein viktig funksjon som buffersone mellom eksisterande bebyggelse/veg og dei meir urørte områda i nordaust.

4.10 Villrein

Faun Naturforvaltning har gjort ei vurdering av konsekvens for villrein i samband med reguleringsplanarbeidet på Tangen i Vinje kommune, etter metodikk frå Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941, *Faun rapport R01-2024 Vurdering av konsekvens for villrein på Tangen*.

Utredningsområdet ligg innafør Hardangervidda villreinområde og nært opptil Brattefjell-Vindeggen villreinområde. Innafor utredningsområdet ligg 2 definerte villreintrekk, der det eine ligg delvis inne i planområdet. Trekkpassasjane er rekna ut etter metodikken for å vera økologiske funksjonsområde. Utredningsområdet er gitt svært stor verdi.



Kartutsnitt er henta frå Faun sin rapport og viser GPS-data frå merka villrein på Hardangervidda og Brattefjell-Vindeggen i perioden 2001-2023. GPS-sendarane til merka villrein har vore aktive i ulikt tidsrom og vart med ulik lengde. Rørslene til dei merka dyra er illustrert med liner mellom kvart GPS-punkt.

Kjelde: www.dyreposisjoner.no. Omtrentleg plassering av planområdet er vist med raudt polygon.

Det er i hovudsak trekkpassasjane mellom Hardangervidda villreinområde og Brattefjell-Vindeggen villreinområde, som potensielt sett kan påverkast negativt av tiltaka i planarbeidet. Innafor utredningsområdet går det fram i Naturbasen at det ligg to definerte trekkpassasjar for villrein. Sannsynlegheiten for kryssing av villrein gjennom sjølve planområdet, er vurdert som størst der det i dag er minst bebyggelse eller andre tiltak, og der samtidig topografien på landskapsnivå tilseie at villreinen vil trekke.

Eit aktuelt område for villreintrekk er vurdert til å vera den om lag 600 meter breie ubebygde korridoren nord for Haug og opp til eiendomsgrensa mot Vardbø. Området vises på bildet under. Dette ubebygde området ligg sør for planforslaget.




Foto langs Varlandsvegen i sørlig retning, i grenseområdet mellom eiendommene Vardbø og Haug. Draghaugøyen ses i høyre del av bildet. Arealet er i øvre del av markert trekkorridor for villrein (BV00003228). Foto fra Google maps, juli 2019.

Området inneholdt i hovudsak fjellbjørkeskog og Varlandsvegen, som kryssar området. Topografien tilseie her at kryssande villrein, vil følgje terrenget og trekke i søraustleg retning, dersom dei kryssar over Møsvatn. Dei sørlegaste områda i utredningsområdet, like sør for Nystaul, er ubebygd og ligg i kjernen av den antatte trekkpassasjen. Derfor vurderast området som særleg viktig å ivareta.

Med bakgrunn i kriteria for verdisetting av naturmangfald (M-1941), skal nasjonale villreinområde alltid gjevast svært stor verdi. Dei øvrige villreinområda, inkludert randområde og funksjonsområde skal minimum gjevast stor verdi. Utredningsområdet på Tangen ligg i randområdet og like utanfor arealet som er definert som biologisk levegrense for villrein på Hardangervidda, som er eit nasjonalt villreinområde. Innafor utredningsområdet ligg 2 definerte villreintrekk, der det eine villtrekket ligg inne i planområdet (omtala nærare i forrige delkapittel). Trekkpassasjane blir rekna ut etter metodikken for å vera økologisk funksjonsområde. Som følgje av usikker avgrensing av trekkpassasjane får hele utredningsområdet **svært stor verdi**.

4.11 Friluftsliv og rekreasjon

I naturbasen <http://www.dirnat.no/kart/naturbase/> er det ingen område innafor, eller knytt til planområdet, som er markert som statleg sikra friluftslivsområde.



Planområdet er ikke knytt direkte til statleg sikra friluftsområde. Kartutsnittet er henta frå naturbasen.no.

Varlandstangen med småbåthamna og garasjeanlegg er utgangspunkt for mykje friluftsliv knytt til ferdsel på Møsvatn og vidare inn i fjellet.



Bilete viser småbåthamna. Kapasiteten på hamna er varierende som fylgje av vass-standen.

4.12 Naturressursar

Landbruk

Innafor planområdet er det ingen område med fulldyrka jord eller overflatedyrka jord. Det er registrert areal med dyrkbar jord innafor planområdet.



Dei raude områda i kartet viser område med dyrkbær jord henta frå Vinje kommune si kartbase

Bjørkeskogen i område er ein naturressurss som nyttast til vedproduskjon.

Møssvatn er ein naturressurss. Møssvatn er regulert og kraftproduksjonen er utgangspunkt for den historiske industriaksen Rjukan - Notodden (verdsarvområde). I dag er Hydro energi regulant og driv kraftproduksjon i stor skala.

4.13 Born og unge sine interesser

Planområdet og spesielt knutepunktet er viktig for born og unge. Det er her dei blir henta med buss når dei skal på skulen og med båt når dei skal heim.

4.14 Universelt tilgjenge

Planområdet er i dag ikkje spesielt tilrettelagt for personar med nedsett funksjonsevne. Det er mogeleg å koma fram til knutepunktet på Varland med bil og å ta seg fram ut til småbåthamna med rullestol.

4.15 Grunnforhold – Skred og skredfare

Erosjon i strandsone

Møssvatn er eit regulera vatn med sterkt påverka strandsoner.

Strandsonene langs Møssvatn er sterkt påverka av den regulerte vass-standen, som går opp og ned (18,5m forskjell mellom LRV og HRV). Dette fører til ein del erosjon.

I fylgje NVE sine kart for aktsemd er det ikkje fare for skred eller ras i planområdet.


4.16 Klima

Planområdet ligg omtrent 920 moh i utkanten av Hardangervidda. Landskapet er relativt ope og planområdet har det store opne Møssvatn som næraste nabo. Dette gjer at planområdet har eit relativt hardt klima, med både mykje vind og låge temperaturar.

Næraste vêrstasjon, Møsstrand II, ligg på Hove ca 4 km frå planområdet. Her kan ein hente ut fylgjande vêrdata:

- Middeltemperaturen har dei siste 5 åra vore på mellom 1,6 og 2,6 varmegrader.
- Det siste året har temperaturane variert frå -26,5 til + 23,5.
- Årsnedbøren har dei siste åra variert frå 735 mm til 1100 mm.


Vidare syner vindrosa (siste 10 år) nedanfor mellom anna at det er vindstille bare 0,6% av tida og at mesteparten og den sterkaste vinden kjem frå nordvest.



Vindrose for heile året, siste 10 år

Dersom vi deler opp året slik at ei vindrose syner januar-juni og ei anna vindrose syner juli-desember, ser vi at det ifrå juli og utover er relativt sett meir vind frå sør og sørvest. Men den kraftigaste vinden kjem framleis frå nordvest.

Vindrose for Møsstrand II ISN316200 i perioden: 1.2014-4.2024. Mnd: 1,2,3,4,5,6




Vindrose for Møsstrand II ISN316200 i perioden: 7.2014-4.2024. Mnd: 7,8,9,10,11,12



Vindrose til venstre gjeld for januar-juni. Vindrose til høgre gjeld frå juli til desember. (met.net.no)

4.17 Klimatilpassing og vatn

Møsvatn er regulert. Lågaste regulerte vass-stand (LRV) er 900moh, høgaste regulerte vass-stand er 918,5moh.



Kartutsnitt som viser område med aktsemd for flaum (henta frå NVE atlas). Heile strandsona innafor planområdet er flaumutsett

Inne på <http://skredatlas.nve.no/> er planområdet synt som flaumutsett under ein 200-årsflaum. Det er også synt som område der ein må vera aktsam i høve til flaum, sjå kartutsnittet over.

I fylgje norsk klimaservicesenter er det forventa at nedbøren i Telemark vil auke med inn til 30% om vinteren og 25% om våren i løpet av hundreåret. I fjellområda i Telemark vil mykje av nedbørsauken koma som snø fram til midten av århundret. Deretter vil meir og meir gå over til regn pga temperaturauken.

Middeltemperaturen i Telemark vil kunne auke med ca 4 grader. Klimamodellane gjev liten eller ingen endring i midlare vindforhold i dette århundret, men usikkerheten er stor.

4.18 Risiko- og sårbarhet – eksisterande tilhøve

Fylgjande hendingar er vurderte i høve til risiko i planområdet for dette tiltaket. Hendingane markerte med kryss til høgre er analyserte nærare i ROS analysa.

Kategori	Uønska hending	Relevans i plansaken	Analyserast i kap. 6
Naturhendingar	Ekstrem vind - Bylgjer - Snøfokk - Stengd veg - Ting som fyk gjennom lufta		
	Store nedbørsmengder - Auka flaum og skredfare	Kan vera relevant då det kan utløyse flaum. Analyserast under flaum- og skredfarepunkta.	
	Is og tele	Kan saman med variasjon i vassstand gje stor slitasje på konstruksjonar.	X
	Flaum	Strandsona er flaumutsett	X
	Snøskred		
	Sørpeskred		
	Steinsprang		
	Lausmasseskred		
	Isnedfall		
	Skogbrann	Skogbrann kan forekoma, men utgjer liten fare i området. Men lang responstid, dårleg beredskap	
	Erosjon langs elv/vatn	Ikkje relevant for elv, men erosjon langs strandlina, brygger og andre konstruksjonar	
	Radongass	Ikkje relevant	
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur	Svikt i beredskap	Tiltaket medfører ikkje auka risiko for svikt i beredskap. Planområdet og tiltaket er sårbart for svikt i beredskap pga lange avstandar, ekstreme vêrforhold og lang responstid.	X
	Straumbrot	Sannsynleg og sårbart i nokre tilfelle	x
	Drikkevatt	Møsvatn og eventuelle private brønnar er drikkevatt. Det er ikkje kommunal vassforsyning eller avløpshåndtering.	
	Stengt veg	Sannsynleg og sårbart i nokre tilfelle	x
	Brot i anna teknisk infrastruktur	Ikkje relevant i planområdet	

Tilhøve ved utbyggingsformålet	Risiko ved anleggsarbeid		
	Akutt forureining	Kan oppstå ved anleggsarbeid	X
	Personulukke i samband med friluftslivsaktivitetar	Tiltak må planleggast godt sp. Småbåthamna og naust i forbindelse med regulert vasstand.	x
Næringsverksemd	Verksemdfarer som brann, eksplosjon mm i industri eller anlegg	Ikkje relevant risikofaktor i planområdet nb brann i køyretøy	
Tilhøve til nærområde	Større ulykker veg/bane/luft/sjø	Ikkje relevant risikofaktor i planområdet	
	Ulykke med farleg gods	Ikkje relevant risikofaktor i planområdet	
	Tiltaket medfører oppstuvning av vatn		
Tilhøve som påverkar kvarandre			
	Store nedbørsmengder kan føre til flaum	Omtalast under punkt om ulike ras. Omtalast under punkt om flaum.	

4.19 Støy

Planområdet er ikkje støyutsett i dag.

4.20 Luftforureining og elektromagnetisk stråling

Det er ikkje kjent at området er utsett for luftforureining eller stråling.

5 PLANPROSESSEN

5.1 Oppstartsmøte

Det vart halde oppstartsmøte i Vinje kommune 07.12.22 (Sjå eige vedlegg).

5.2 Medverknadsprosess

Oppstart av reguleringsarbeidet vart varsla i Vest-Telemark Blad og ved brev til naboar, lag og foreningar, i tillegg til offentlege styresmakter (datert 30.03.23).

Adresseliste for høringsinstansar og partar som er varsla om at planlegging er starta, ligg som vedlegg.

Det har vore gjennomført fleire møte med grunneigarar innafor planområdet i tillegg til at det har vore opent møte i høringsperioden på Vierli kafe, 16. mars. 2023.

Planforum ble gjennomført i lokalene til Telemark fylkeskommune 23.08.23, sjå vedlagde referat. I tillegg har det vore gjennomført teamsmøter med Statsforvalter 26.04.24 og med Kulturarv ved Telemark fylkeskommune, 04.06.24.

Oppsummering av innkomne merknader

Fristen for merknader til oppstartsvarselet var sett til 19.05.23. Det kom inn totalt 10 merknader. Disse er oppsummert og kommentert under:

1. Statsforvalteren i Vestfold og Telemark

Statsforvaltaren skriv at planen rører ved eit område med store verdier knytt til mellom anna villrein, naturmangfald, myr, 100-metersbeltet langs vassdrag og eit særleg sårbart landskap. Dette må tilleggjast stor vekt i planarbeidet, og utbygging må avgrensast og tilpassast desse omsyna. Den oversende moglegheitsstudien skisserer ei lang rekkje tiltak som etter vår vurdering samla sett utgjer uakseptabelt store inngrep i dette sårbare området. Det vidare planarbeidet må ta omsyn til viktige nasjonale interesser som kan bli ramma. Statsforvaltaren føreset i alle tilfelle at det ikkje blir lagd opp til meir utbygging enn det kommuneplanens arealdel opnar for, jf. føresegn 4.2.5 i planen. Dei legg til grunn informasjonen i referatet frå oppstartsmøtet om at planen ikkje skal opne for fleire fritids-bustader.

Villrein – varsel om nasjonale interesser

Gjennom planområdet går ei av dei siste moglege trekkrutene til villreinen mellom villreinområda Brattefjell-Vindeggen og Hardangervidda. Det er av stor viktighet at trekkmoglegheitene her ikkje blir forverra. Dersom det blir planlagt tiltak som kan påverke trekkmoglegheitene til villreinen negativt, kan det gi grunnlag for motsegn frå miljødirektøren, jf. rundskriv T-2/16 frå Klima- og miljø-departementet, Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet – klargjering av miljøforvaltninga sin innsigelsespraksis. I punkt 3.6 heiter det at motsegn skal vurderast når foreslått ny arealbruk vil koma i konflikt med viktige funksjonsområde for villrein.

Statsforvaltaren skriv vidare at § 10 i naturmangfaldlova om samla belastning på økosystemet må vege tungt her. Ytterlegare bitforbit-nedbygging av funksjonsområda til villreinen må unngåast. Dei gjer merksam på at sjølv om trekkruta som er teikna inn i Naturbasekarta berre dekkjer delar av planområdet, så må heile planområdet reknast som ei potensiell trekkzone. Alle nye tiltak innafor planområdet må vurderast i lys av villreinens behov. Det må unngåast utbygging i opne landskapsrom, og det må unngåast å leggje til rette for større auke i ferdsel og aktivitet. Påverknaden av planlagde tiltak på villrein må inngå i utgreiingane i planarbeidet. Dei minner om felles retningsline § 2.7 i *Regional plan for Hardangervidda*, der det står: «for planer og tiltak som kan påvirke villreinens leveområder, skal virkningene for villrein utredes særskilt». Vi minner også om felles retningsline § 2.10, der det heiter at «tiltak som kan gi økt ferdsel i sårbare villreinområder, kan avslås». Desse retningslinene gjeld for alle arealsoner i planen.

Statsforvaltaren gjer merksam på at sjølv om trekkruta som er teikna inn i Naturbasekarta berre dekkjer delar av planområdet, så må heile planområdet reknast som ei potensiell trekkzone.

Alle nye tiltak innafor planområdet må vurderast i lys av villreinens behov. Det må unngåast utbygging i opne landskapsrom, og det må unngåast å leggje til rette for større auke i ferdsel og aktivitet.

Eventuell ny utbygging må vera avgrensa og leggjast inn mot eksisterande busetnad, der det allereie er menneskeleg aktivitet. Busetnad og andre tiltak må ikkje spreia utover. Opne område der trekk potensielt kan gå, må haldast opne. Dei ser at fleire tiltak i mugleghetsstudien ikkje er i tråd med eit slikt prinsipp, til dømes dei innteikna utleigehyttene og tiltaka på Varbøodden, der det i dag i liten grad er andre inngrep Varlandsvegen. Mugleghetsstudien inneheld også mange tiltak som kan føre til ein auke i ferdselen i området, som igjen er negativt for at villreinen kan trekke gjennom området. Bubilparkering, parkeringsplassar, utleigehytter, formidlingssenter og strandstien er døme på dette.

Naturtypekartleggingar må gjennomførast i samband med planarbeidet. På bakgrunn av det store potensialet for naturverdier av nasjonal interesse i området, må det gjennomførast kartlegging der det blir planlagt nye inngrep, og denne må leggjast til grunn for planlegginga. I tillegg til NiN-kartlegging må utgreiing av naturmangfaldsverdier også inkludere omsynet til fugl og hekkeplassar for fugl.

Geologisk naturmangfald

Planområdet ligg like utanfor eit stort område som er registrert i NGUs database for geologisk arv. Opparbeiding av stiar inn i området for geologisk arv kan vere uheldig dersom det blir opna for terrenginngrep i samband med dette.

Landskap

Landskapet ute på Tangen er sårbart, og det må leggjast stor vekt på landskapsomsynet i den vidare planlegginga. Planar skal hjelpe til å sikre kvalitetar i landskapet og sikre vern av verdifulle landskap, jf. plan- og bygningslova § 3-1 bokstav b. Det må veljast løysingar som i størst mogleg grad opprettheld det naturlege landskapet.

Klima og myr

Det er store areal med myr innfor planområdet. I *Regional planstrategi for Vestfold og Telemark 2020-2024* er det å ta vare på spesielt karbonrike areal som gammalskog og myr blant tiltaka for å nå berekraftsmålet om å stoppe klimaendringane. I det vidare planarbeidet må ein unngå øydelegging av og skade på myr, anten det er gjennom nedbygging, masseutfylling, drenering eller andre typar tiltak.

Vassdrag og vassmiljø

Statsforvaltaren minner om at det i 100-metersbeltet langs vassdrag skal takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser, jf. plan- og bygningslova § 1-8 første ledd. Det er i kommuneplanen sett ei byggjegrænse på 50 meter frå vassdrag, med tilhøyrande føresegnar, jf. kapittel 5 i kommuneplanføresegnene.

Dei minner òg om at *Regional plan for Hardangervidda* i retningsline § 2.7 slår fast at «100 metersonen langs vann og vassdrag skal sikrast mot ytterlegare nedbygging».

Dei minner om vassforskrifta §§ 4 og 5 og måla sett i regional vassforvaltningsplan. Det må unngåast at tiltak innfor planområdet, inkludert anleggsarbeid, har negativ påverknad på tilstanden i desse vassførekomstane.

Det er også mange små vatn innanfor planområdet. Rundt bekker og vatn bør det setjast av ei omsynssone i plankartet. Kantvegetasjon rundt bekker, vatn og vassdrag skal bevarast. Vi viser til forskrift om fysiske tiltak i vassdrag § 1 og vassressurslova § 11.

Landbruk

Innfor planområdet er det område med både fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Dei minner om at jordvern er ei nasjonal interesse, og at det er eit nasjonalt mål å få til ein kraftig reduksjon i årleg omdisponering av dyrka mark. Det er viktig at landbruket og jordbruksverdiane blir gitt gode føresetnader vidare og at planarbeidet sikrar dette i ein heilskap. Det må søkast løysingar som motverkar press på jordbruksareal.

Samfunnstryggleik og ROS-analyse

Langs Møsvatn er det i NVE Atlas registrert aktsemdområde for flaum. Dette må det takast omsyn til i planarbeidet. Dei minner om at alle planar skal ha ein risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS) som viser alle risiko- og sårbarhetsforhold som verkar inn på om arealet er eigna til utbyggingsformål, og eventuelle endringar i slike forhold som fylgje av den planlagde utbygginga. Resultata av ROS-analysen skal innarbeidast i planomtala. Naudsynte risiko- eller konsekvensreduserande tiltak som kjem fram av ROS-analyse, må bli reflektert i planføresegnene. Område med risiko og sårbarheit skal merkast i planen som omsynssone.

Klimatilpassing

Det må gjennomgåande takast omsyn til forventa framtidige klimaendringar gjennom klimatilpassing av planar, sjå Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og

klimateilpassing (2018) og tilhøyrande rettleiar om klimateilpassing. Det bør leggjast vekt på gode heilskaplege løysingar og å ta vare på økosystem og areal med betydning for klimateilpassing. Betydinga av intakt natur for klimateilpassing må vektleggast: våtmarker, myr, skog og grøntområde gir vern mot overvatn, flaum og skred.

Vatn og avløp

Avløpsvatn frå planområdet må gjevast tilfredsstillande reinsing, slik at det ikkje fører til forureining eller forverring av tilstanden til vassførekomstar. Avløpsreinseanlegget det eventuelt er aktuelt å knyte seg til, må overhalde krav til reinsing og andre krav etter forureiningsregelverket, og ha nok kapasitet.

Støy

Vi føreset at **Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging** (T-1442/2021) vil leggjast til grunn for planarbeidet og at omsynet til støy blir tilfredsstillande varetatt i samsvar med retningsliner. Vi minner særleg om kapittel 2.3.1 i retningslina, som gjeld område der stillhet er viktig, og omsynet til å unngå auka støy i naturområde.

Kommentar:

Det har vore dialog med Statsforvartaren undervegs i prosessen. Både planforum i oppstart av planarbeidet og eit dialogmøte mot slutten av planarbeidet.

Ein har gjennom planprosessen samla tiltaka i større grad enn ved varsel om oppstart. Plangrensa er nå justert ned og tiltaka samla. Planen tek omsyn til naturverdiar som myr og villrein. Det er laga ROS-analyse. Det er gjennomført kartlegging av naturverdiar som er lagt til grunn for planlegginga. Det er ingen tiltak i planen som kjem i konflikt med dei kartlagte naturverdiane og myr

2. Vestfold og Telemark fylkeskommune

Fylkeskommunen kommenterar på dei delane av planforslaget som gjeld deira ansvarsområde. Dei har vurdert på eit overordna nivå tiltak som kan styrkje busetjing.

Regional plan for samordna areal og transport i Telemark (ATP Telemark 2014). Dei forventar at prinsippa fra ATP vert lagt til grunn, og at langsiktige attraksjonsverdiar, samanhengande grønstruktur, natur- og kulturmiljø blir sikra for allmenta i reguleringsplanen.

Regional plan for Hardangervidda 2019-2035

Planområdet er i den regionale planen vist som **fjell- og fjordbygder**. Denne sona omfattar fjell- og fjordbygder med eksisterande spreidd fast busetjing. Det er fastsett i den regionale planen eit ynskje om å styrkje desse bygdene med ny busetjing. Næringsutvikling knytt til tilleggsnæringar som turisme og miljøbasert næring vil auke næringsgrunnlaget og styrkje grunnlaget for den faste busetjinga i desse områda. Retningslinene legg opp til at kommunane gjennom kommuneplan-planlegginga, sjølv skal avklare omfang av næring, busetjing og fritidsbygg. Fylkeskommunen er i utgangpunktet positive til styrking av busetjinga, men viser samtidig til at det innafor planavgrensinga er vist eit villreintrekk i Miljødirektoratets **Naturbase**. Med tilvising til retningsline §4.2 Villreintrekk, skal det ved planlegging og tilrettelegging av fysiske tiltak takast særlege omsyn til trekkvegane til villreinen. Vi legg til grunn at omsyn til villrein vert vurdert og at Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Villreinnemnda for Hardangervidda kjem med tilrådingar.

Friluftsliv og landskap

Fylkeskommune har ikkje inngåande vurdert tiltak beskrive i mogleghetsstudiet, men legg til grunn at planen fastset byggjegransar mot vatn og vassdrag, og at det sikrast eit grønt belte til

kantvegetasjon jf. vassresslova § 11. Vidare er det viktig å plansikre område eller element som er viktig for utøving av friluftsliv og/eller landskap. Vi rår elles til å søkje løysingar som gjev reduserte terrenginngrep ved planlegging og opparbeiding.

Born og unge

Fylkeskommunen ber om at arealinteressene til barn og unge blir beskrivne og vurderte i saksutgreiinga og i planskildringa.

Jordvern

Det fylgjer av planvarselet og moglegheitsstudien forslag om omdisponering av dyrka og dyrkbar mark til blant anna utleiehytter og parkering. Dyrka og dyrkbar mark er ein nasjonalt viktig ressurs som kommunen må vareta dersom vi skal no dei nasjonale og regionale jordvernsmåla.

Vi ber om at minst mogleg dyrka/dyrkbar mark blir teken. Vi føreset at det ligg ei landbruksfagleg vurdering føre frå lokal landbruksstyresmakt ved offentleg ettersyn, og ei vurdering av om det blir tilrådd å omdisponere den dyrka/dyrkbare marka i planområdet. Dersom det blir lagt til rette for omdisponering av dyrka/dyrkbar mark i planområdet, bør det utarbeidast ein matjordplan. Denne skal følgje saka når ho kjem til offentleg ettersyn, og sikrast i reguleringsføresegnene.

Vassforvaltning

Vassforvaltningsplanen beskriv påverknad og tilstand i vassmiljøet, og dessutan miljømål og unntak frå miljømål for alle vassførekomstane til vassregionen. Det generelle målet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal vernast mot degradering, blir forbetra og blir gjenoppretta med sikte på at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand. Informasjon om miljøtilstand, påverkingar, tiltak og miljømål for vassførekomstar kan finnast inne på følgjande link: <https://vann-nett.no/portal/#/mainmap>.

Planarbeidet må greie ut kva effekt planen vil ha på miljøtilstanden i ramma vassførekomstar.

Dersom det blir tiltak planlagt som kan forringe miljøtilstanden i ramma eller nedstraums vassførekomstar, eller gjera det vanskeleg å nå miljømåla, skal planen vurderast etter § 12 i forskrifta om ny aktivitet eller nye inngrep. I Regional vassforvaltningsplans vedlegg nr.7 ligg det generelle retningslinjer for arealplanlegging som kan påverke vassmiljø. Denne lenkja kan brukast for å koma til vassforvaltningsplanen: Regional vassforvaltningsplan 2022-2027 Vårt verdifulle vatn (vannportalen.no).

Samferdsel

Dei ber om at trafikktryggleiken for mjuke trafikantar blir gjeve særskild merksemd i planarbeidet. For spreidd utbygging rår dei til at det i reguleringsføresegnene fastsettast at avkøyrsløp og byggjegrense mot fylkesveg skal handsamast som enkeltsaker etter veglova. Der det eventuelt planleggjast for nye byggjeområde må åtkomst frå fylkesvegen planleggjast i tråd med normalar gitt i handbok N100, veg- og gateutforming. Byggjegrense mot fylkesveg må ikkje vere mindre enn 15 meter. For tiltak på og langs fylkesveg må det i reguleringsføresegnene settast eit rekkefylgjekrav om at detaljerte byggjeplanar skal vera godkjent av Vestfold og Telemark fylkeskommune før det blir gjeve igangsetjingsløyve for tiltaket.

Klima og energi

Fylkeskommunen viser til både Vinje kommune sin eigen Klima- og berekraftsplan (2021) gjeldande regional klimaplan for Telemark (2019-2026), og oppmodar om å vektlegge fylgjande løysingar for klimavenlege bygg (PBL § 12-7):

- Stille krav til klimavenlege bygg med lågt klimagassutslepp. Til dømes tre som bygningsmateriale og solenergi.
- Stille krav til tilrettelegging for forsyning av vassboren varme.
- Stille krav til etablering av ladepunkt for elbilar og elsyklar. Dette vil mogleggjere meir miljøvenleg transport.

- Regulere parkeringsdekninga, under dette setje krav til makstalet på parkeringsplassar.
- Stille krav om fossilfrie, utsleppsfrige og avfallsfrige bygg- og anleggsplassar.

Fylkeskommunen ser positivt på at ivaretaking av myr er omtalt i oppstartsmøtet og at ein har tenkt å bruke «klopping» som metode for å leggje sti.

Dei oppmodar til å unngå all aktivitet som kan føre til øydelegging og drenering av myr.

Dei minner også om at å «ta vare på viktig natur (våtmark, myr m.m.) som kan avgrense effektane av klimaendringane i arealplanlegginga» er eit tiltak i klimaplanen for kommunane i Vest-Telemark (2022-2030).

Dei påpekar og at delar av planområdet (til dømes Varland) ligg innafør varsemdområde for flaum. Sidan mykje aktivitet skal skje rett ved vatnet så er det viktig at ROS-analysen inkluderar klimapåslag for flaum. Vi oppmodar også til å innarbeide krav til handtering av alt vatn i reguleringsplanen, inkludert overvann.

Automatisk freda kulturminne

Planområdet ligg innafør eit større kulturmiljø som står ført opp på Riksantikvaren sin tentative liste for **Kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse**, og vi viser til tidlegare dialog og samhandling med Vinje kommune i arbeidet med den nasjonale oversikta. Vi ber om ein vidare dialog kring tiltaka som er planlagt innafør planen slik at omsynet til kulturmiljøet blir tatt med i den vidare planlegginga.

Kommentar:

Det har vore dialog med fylkeskommunen undervegs i prosessen. Både planforum i oppstart av planarbeidet og med kulturarv i eit møte mot slutten av planarbeidet.

Ein har gjennom planprosessen samla tiltaka i større grad enn ved varsel om oppstart. Planområdet er nå justert ned og tiltaka er samla. Planen tek omsyn til dyrka mark ved plassering av tiltaka. Bestemmelsene sikrar at byggjegrænse mot fylkesveg ikkje skal vere mindre enn 15 meter. Det er og stilt rekkjefylgjekrav om detaljerte byggjeplanar før igangsetjingsløyve for tiltaka.

Det er stilt krav om etablering av ladepunkt for elbil. Det er stilt krav til nye bygg som sikrar lågt klimagassutslepp.

3. Statens vegvesen

Har ingen kommentarar til planforslaget

4. Mattilsynet, 11.04.23

Mattilsynet er statleg styresmakt, med forvaltingsområda planter, fiskehelse/fiskevelferd dyrehelse/dyrevelferd, mat og drikkevatt, og er difor høyringsinstans til arealplanar.

Frå Mattilsynet ser dei det mest relevant å gje innspel som sikrar trygt drikkevatt.

Mattilsynet forventar at reguleringsplan vil innehalde:

- Oversikt over eksisterande drikkevasskjelder og avløpsanlegg.
- VA-plan som syner korleis ny bygningsmasse får tilgang til helsemessig trygt og nok drikkevatt.
- Drikkevasskjeldene må vera synlege i plankarta saman med omsynssoner og føresegnar.
- Rekkjefylgjekrav som sikrar at vassforsyning blir ivareteke.

Dersom det planleggast for vassforsyning over 10 m³/døgnet skal det settast krav til plangodkjenning jfr. Drikkevannsforskriften §18.

Mattilsynet meiner også at Vinje kommune må ta stilling til om nye bustadar (også fritidsbustadar) og næringsareal kan knytte seg til eksisterande vassforsyningssystem i nærleiken. Det kan også vera aktuelt å setje krav til nytt fellesanlegg. Dette for å oppnå hygienisk tilfredsstillande, hensiktsmessige og kostnads- og driftseffektive løysingar for vassforsyninga.

Dei minner om at nye fellesanlegg skal vera eigd av kommunen når dei er av ein viss storleik, som bestemt i vass- og avløpsanleggslova. Kommunen kan etter søknad gi løyve til anna eigarskap ved etablering av nye vassforsyningar/anlegg, desse skal da organiserast som andelslag eigd av brukarane. Kommunen avgjer om det ellers skal stillast særlege vilkår for løyvet.

5. Øst-Telemark Brukseierforening, 03.03.23

ØTB har vi ingen kommentarar til igangsetting av arbeid med detaljregulering for Tangen. Sidan ØTB er reguleringsansvarleg for Møsvatn, vil dei gjerne haldast informert i vidare reguleringsarbeid.

Kommentar:


Det har vore dialog med ØTB vedrørende småbåthamna på Varland. Dei er orientert om at det vert lagt til rette for ei utviding på nordsida av dagens hamn.

6. Renovest, 16.03.23

Renovest ynskjer å få sett av areal til hyttereturpunkt i Reguleringsplanen for Tangen.

Renovest IKS har behov for eit dedikert areal til mottak av hytteavfall i området. Nye returpunkt skal i dag opparbeidast med full kjeldesortering og det blir bruka ein anna type containerar enn før. Desse er på 4m³, er botntømde, og krev såleis meir areal enn det har vore nødvendig tidlegare. For å få plass til det antal containerar det er behov for, samt naudsynt areal til oppstilling av renova-sjonsbilen etc, vil dei ha bruk for eit areal på ca 15x20m. For Renovest sin del kunne eit slikt punkt for så vidt ligge kvar som helst langs vegen innafor planområdet. For brukarane tenker dei at det er best at eit sikt returpunkt vil ligge i området i nærleiken av båthamna der dei òg har ein container i dag.

Renovest har tidlegare hatt ein dialog med grunneigar og representantar for hytteeigarar ved Møsvatn som tykkjer at dette er ein fornuftig plass å ha eit returpunkt. Arealet som då har vore sett på er vist i kartet under:



Kommentar:

Det er tilrettelagt for nytt renovasjonsanlegg med plass til eit areal på 15x20 m innafor planen.

7. Jon og Asbjørg Neset, grunneigar på Haug, 15.05.23

Dei reknar med at det i ny arealplan for området blir snakk om i hovudsak LNF-område, og at det òg i den nye planen blir lagt til rette for spreidd bustadbygging.

I tråd med regionalplan for Hardangervidda, er dette området klassifisert som «fjell-og fjordbygder». I den planen opnar dei då for både næringsutvikling og beskjeden hyttebygging.

På Haug vil dei difor be om at det blir sett av eit område til opp til 3 hyttetomter. Det aktuelle området til dette er skissert på vedlagt kart og merka med H.

Når det gjeld næring er det viktig at det blir lagt til rette slik at næringsverksemd som alt er i gang har høve til å vidareutvikle seg. Dei har skissert eit område rundt og utanom hus og dyrka mark på garden. Dette vil då kunne vera areal der næringsverksemd knytt til eksisterande verkstad, utleigegarasje, utleigehall og båthamn naturleg vil kunne få sin plass.

Den nyleg opparbeidde båthamna på Haug (på kartet mellom dei to moloane) er ein plass der det vil vera naturleg å tenke seg ei vidareutvikling. Det er alt - i tråd med godteken plan - laga veg langs land på innsida av bukta i hamna og opparbeidd parkeringsplass. Denne vegen vil binde saman næringsarealet dei har teikna inn på båe sider av jordet på nedsida av vegen.

I mogleghetsstudien for Møsvasstangen var det tenkt ein gåveg/stig frå Varbøodden til båthamna på Haug. Denne var tenkt lagt langs vatnet. Dei vil helst ikkje ha denne vegen ned til vatnet heilt bort til hamna, men har teikna inn alternativ plassering (stipla line).

Kommentar: Plangrense er snevret inn etter varsel om oppstart og eiendommen på Haug er difor utanfor plangrensa. Innspelet ersendt vidare inn til kommuneplanarbeidet og vil svarast ut meir konkret der.

8. Jon Håkon Hove, 16.06.23

Han ynskjer å gje innspel til reguleringsplanen for å sikre framtidig forutsigbar inntekt til garden Varbø, og sikre muligheten for framtidig utvikling. Synergier mellom etablerte selskap vil gje stabil og forutsigbar inntekt i åra framover. Dette gjev større mulighet til å oppretthalde av arbeidsplassar i nærområdet. Sikre inntekt via gode betalingssystem for etablerte tenester som parkering, wifi, vatn/toalett - eventuelt anna. Mulighetane er mange om dei grunnleggjande føresetnadane er på plass i området. Oversikten under er ynskje han har for området framover.

Garasjeanlegg:

All administrasjon, vedlikehald av bygningar, brøyting og vedlikehald som grusing av uteområde/renhald vil/kan bli utført av framtidig selskap Varbø AS (Selskapsform blir bestemt seinare).

Til utleige:

Hytter – utleige av varme senger. Mikrohytter til leige. All administrasjon, renhald, vedlikehald av bygningar, brøyting og vedlikehald som grusing – av uteområde/renhald vil/kan bli utført av framtidig selskap Varbø AS (Selskapsform blir bestemt seinere).

Sal:

Mekanisk Verkstad - lokalitetar for Møsvatn Motor AS:

Varesalg, mekanisk verkstad – reparasjonar og vidareformidling av varer og tenester lokalt.

Dette vil skape mellom 6-12 arbeidsplassar.

Bubil camp:

Etablere plass for bubil – bruk av system som Camp. Booking ved bruk av bank/kredittkort betaling via telefon (eller tilsvarande)

Ladestasjon – wifi tilknytning

All administrasjon, renhald, vedlikehald av bygningar, brøyting og vedlikehald som grusing – av uteområde/renhald vil/kan bli utført av framtidig selskap Varbø AS (Selskapsform blir bestemt seinare)
Dette vil kunne gje mellom 1-2 arbeidsplassar.

Sanitæranlegg:

Offentlege toalettfunksjonar.

All administrasjon, renhald, vedlikehald av bygningar, brøyting og vedlikehald som grusing – av uteområde/renhald vil/kan bli utført av framtidig selskap Varbø AS (Selskapsform blir bestemt seinere).

Sanitærtilhøva i dag er ikkje eksisterande. Besøkande i området brukar busk og kratt i umiddelbar nærhet av veg – bygningar. Dette er eit aukande problem kvart år.

Aktivitet rundt Eydebåten Alida

All administrasjon, renhald, vedlikehald av bygningar, brøyting og vedlikehald som grusing – av uteområde/renhald vil/kan bli utført av framtidig selskap Varbø AS (Selskapsform blir bestemt seinere).



Kommentar: Planen legg til rette for verkstad, formidlingspunkt med bygg til båten til Sam Eyde, sanitæranlegg, hytteutleige, garasje og butikk.

9. Stian Skinnarland, på vegne av eigar av 160/54, 20.05.23

Totalt sett inneheld mogleghetstudien mykje bra.

Han påpeikar at det nye renovasjonspunktet som er teikna inn ligg på ein stad som i dag blir bruka som oppsamlingsplass for snø vinterstid. Vedlagt ligg eit bilete av den aktuelle plassen frå i vinter, og som syner at det er svært mykje sno i dette området.

Det er vanskeleg å finne alternativ plass å legge snøen, meiner han. Plasseringa av returpunktet vil også gjere ei lita hamn endå mindre på full vass-stand. Derfor vil han anbefale å finne ein annan plass å etablere dette returpunktet, som gjer det lettare å halde returpunktet fritt for sno vinterstid, og som ikkje hefter for brøyting ellers på Varland. Eksempelvis på austsida av parkeringsplassen på Varland

Kommentar:

Planforslaget legg opp til nytt renovasjonsanleggi ei rekke på østsida av innkjøringsvegen på Tangen.

10. Varland Garasjelag ved Marit Birkenes, 31.01.2024

I 1999 ble garasjene våre bygget og Varland garasjelag dannet. Det var Møsstrond Grunneigarlag som tok initiativet til å bygge garasjene. Garasjene skulle i utgangspunktet tilfalle fastboende grunneiere på Møsvatns veiløse bruk. For å få satt opp bygget ble også andre grunneier langs Møsvatn tilbuddt å kjøpe garasje. Andelene i garasjebygget ble solgt til selvkostpris. I dag er garasjene svært populære og vi ønsker å utvide med 15 garasjer for å dekke et øket behov. Garasjene gjør det mulig for veiløse beboere å ha et trygt sted for bilen når de er hjemme og et trygt sted for snøskutere/båter når de er ute og kjører. Dette forenkler hverdagen for store og små langs Møsvatn. Etter at garasjene ble bygd er det kommet opp flere bygg med garasjer til leie. Dette er ikke et godt alternativ for møsstrondsbeboere grunnet høye leiepriser. De fleste fastboende har mange ben å stå på, som gårdbrukere – båt taxi – snøskutertaxi - fiskesalg – hytteutleie – jaktutleie med mer. Felles for alle er ønsket om å drive bærekraftig næring og holde utgiftene nede. Det er ikke forenelig med høye leiepriser for garasjer på Varland.

Derfor ønsker vi å sette opp et garasjebygg ved siden av det eksisterende i Varlandsvegen 1207. Vi ønsker å sette opp en enkelt rad med 15 garasjer med takhøyde på 3 meter. Det er noe lavere enn garasjene vi har nå, men tilstrekkelig for båter og andre høye kjøretøy. Se vedlegg for plassering av nytt garasjebygg. Bygget er markert med rosa farge.

Alternativ 1:

Her har vi plassert bygget parallelt med eksisterende bygg mot Varlandsvegen. Dette er det beste alternativet for oss. Garasjene vil ligge langs eksisterende bekk, men ikke hindre bekkens naturlige vei.

Skinnarland vil bygge her, men hans forslag kommer i konflikt med bekken. Vi har tidligere foreslått at Skinnarland får utvide sine garasjer i tilknytning til eksisterende garasjer.

Alternativ 2:

Her har vi plassert garasjebygget i parallelt med innkjøringsveien til våre garasjer. Dette er et greit alternativ for oss, men ikke det vi foretrekker. Også her tenker vi oss 15 garasjer med takhøyde innvendig på 3 meter.

Ved plassering av garasjer og andre bygninger på Varland er det svært viktig å sette av nok plass til snørydding om vinteren. Det har vi tatt med i betraktningen når vi ikke har noe forslag om garasjer på den andre langsiden av dagens garasjer.

Vi har også plassert garasjene parallelt og vinkelrett med dagens garasjer for et roligere estetisk uttrykk og finere uterom.

Kommentar:

Planforslaget legg opp til at det kan byggast ein garasje innafor området LNS1.

6 OMTALE AV PLANFORSLAGET

6.1 Planlagt arealbruk

Det blir regulert til fylgjande føremål for arealbruk:

BEBYGGELSE OG ANLEGG (§ 12-5 NR. 1)

- Næring/tjenesteyting, N/T
- Utleiehytter, UTL
- Uthus/naust, UNB

SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (§ 12-5 NR. 2):

- Offentleg køyreveg, o_V

LANDBRUKS-NATUR OG FRILUFTSOMRÅDE SAMT REINDRIFT (PBL § 12-5, 2.ledd nr.5):

- Naturformål, N
- Spreidd næringsbebyggelse, LNS1 og 2

BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (PBL § 12-5, 2.ledd nr.6)

- Småbåthamn, SH

OMSYNSSONER (PBL § 12-6, 12-7 og 11-8a og c)

Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a)

- Flom (H320) Krav eller forbod for å sikre tryggleik og avverje fare

Særlege omsyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø (§ 11-8 c)

- Bandlegging etter lov om naturvern (H720)

§ 12-5. Nr. 1 Bebyggelse og anlegg	
Næring/tjenesteyting, N/T	3,3 daa
Utleiehytter, UTL	5,4 daa
Uthus/naust, UNB	0,3 daa
§ 12-5. Nr. 2 Samferdsel og teknisk infrastruktur	
Offentleg køyreveg, o_V	7,2 daa
§ 12-5 Landbruks-natur og friluftsområde samt reindrift	
Naturformål, N1 og 2	40,6 daa
Spreidd næringsbebyggelse, LNS1 og 2	36,4 daa
§ 12-5, 2. ledd nr.6 Bruk og vern av sjø og vassdrag	
Småbåthamn, SH	25,6 daa
Totalt alle kategorier	<u>118,8 daa</u>
OMSYNSSONER (PBL § 12-6, 12-7 og 11-8a og c)	
Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a)	
Flom (H320) Krav eller forbod for å sikre tryggleik og avverje fare	
Særlege omsyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø (§ 11-8 c)	
Bandlegging etter lov om naturvern (H720)	

Eksisterande avkøyrse frå Varlandsvegen skal nyttas. Det skal ikkje etablerast bilveg fram til hyttene. Parkering til hyttene skal løysast innanfor LSN2. Det leggas opp til to plassa pr. hytte. Hyttene skal leggjast så skånsamt i terrenget som rå. Utleiehyttene planleggast som enkle bygg der ein skal ha fokus på å minimere inngrep ved bygging. Det kan tilretteleggjast for ein køyrbar sti gjennom formålet som gjev tilgang for traktor ned mot naustet i sør. Stien skal leggjast skånsomt inn i terrenget og ha eit naturleg preg. Stien skal ikkje grusast eller tilførast andre masser.

Uthus/naust, UNB

Det kan settast opp eit naust innafor området. Naustet skal ha ein stadstilpassa utsjånad med berekraftig materialbruk. Naustet kan maks ha 60 m2 grunnflate.

6.2.2 Landbruks-, natur- og friluftsområde samt reindrift

Naturformål, N

Arealet gjeld størstedelen av planområdet. Arealet blir sikra som naturområde og skal haldast urørt.

Spreidd næringsbebyggelse, LNS 1 og 2

Innafor område LNS 1 skal det leggjast til rette for at knutepunktet på Tangen kan utviklast. Området skal romme transport, parkering, omlasting, fellesfunksjonar som renovasjon, garasjar og åtkomst til småbåthamn. Innafor området skal det setjast av plass til nedgrave renovasjonsanlegg. Renovasjonsanlegget skal plasserast på rekke langs Varlandsvegens ende.

Det tillatast oppført eitt nytt garasjebygg innanfor området.

Tiltak i strandsona skal sikrast mot skader ved erosjon og isgang

Innafor område LNS 2 kan det etablerast næringsfunksjonar som nærbutikk, garasje og verkstad. Området skal utformast med maksimalt fire bygg der to og to leggjast på rekke med eit køyreareal i midten. Bygga nærast vegen skal leggjast inn i terreng slik at dei vert lite synlege frå vegen og ein får ein god terrengtilpassing av området som heilskap.

Bygningane skal ha ein stadstilpassa utsjånad med berekraftig materialbruk og avdempa jordfarger.

Det skal byggas med pulltak med mellom 7 og 9 graders vinkel. Bygga kan etablerast i 1 etasje.

Eksisterande avkøyrse frå Varlandsvegen skal nyttas.

Anlegget skal leggjast så skånsamt i terrenget som rå. Det skal utførast minimalt med skjeringar og fyllingar, og det skal i størst mogleg grad nyttast stadlege masser.

Innanfor LNF1 og LNF2 skal det etablerast ladepunkt for elbilar og elsyklar.

6.2.3 Bruk og vern av sjø og vassdrag

Småbåthamn (SH)

Småbåthavna det er tillettelagt for må detaljprosjekterast. Den er plassera nord for dagens småbåthavn slik at den kan bruke same utsettingsrampe som i dag.

6.3 Omsynssoner

6.3.1 Flom (H320) Krav eller forbod for å sikre tryggleik og avverje fare

For alle tiltak innanfor faresone flom (H320) skal nødvendige tiltak treffes for å redusere risiko for skade ved flom. Konstruksjonar og tekniske installasjonar som er sårbare for vatn skal løftast opp over flomnivå eller beskyttast mot skade på annan måte. Ved planlegging av byggetiltak langs sjø, skal ein sikre i tråd med nivået tilsvarande DSBs estimat for stormflo. Denne skal ligge til grunn for plassering og utforming av alle tiltak.

6.3.2 Særlege omsyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø (§ 11-8 c)

Bevaring naturmiljø (H560)

Gjeld den delen av planområdet der det er myr. Omsynssona skal sikre at ingen tiltak skal skje innfor denne sona. Området skal vere urørt. Det er ikkje tillete å byggje, drenere/grøfte myra eller andre tiltak som kan skade den økologiske funksjonen til myra.

6.4 Rekkefylgje-føresegner

Før rammeløyve

- For felt LSN3 og LSN2 skal det utarbeidast ein landskapsplan på 1:200

Før igangsetjingsløyve

- For tiltak på og langs fylkesveg skal det skal det føreliggje detaljerte byggeplanar som godkjennast av Telemark fylkeskommune.
- Skal nye avkøyrslar frå fylkesvegen godkjennast av Telemark fylkeskommune.

Før bygning blir teken i bruk

- Før det blir gjeven ferdigattest på nokon av nygga innfor LSN1 skal det dokumenterast at vassforsyninga er ivareteken.
- Før det blir gjeven ferdigattest på utleigehyttene på UTL skal naudsynte parkeringsplassar for UTL vere opparbeid og merka innanfor LSN2.

6.5 Plassering og utforming av tiltaka

Det er arbeidd med å finne rett plassering av tiltaka som har blitt spela inn til reguleringsprosessen. Det er tatt omsyn til naturkartlegging, registrerte myrområde, flomsone, avstand til veg og avstand til Møsvatn i arbeidet med å lokalisere dei ynskta tiltaka. I tillegg har logistikk og ynskje om å samle tiltaka blitt førande for foreslått plassering. Illustrasjonsplanen syner korleis ein kan plassere ynskta næringsbygg og fellesanlegg innfor planområdet.



Utsnitt av illustrasjonsplan som viser tiltaka planen legg til rette for.


6.5.1 Kort gjennomgang av dei ulike tiltaka planen legg til rette for

Knutepunktet, LNS1

Innafor formålet spredt næringsbebyggelse, (LSN1), legg planen til rette for at knutepunktet på Tangen kan utviklast. Området skal romme transport, parkering, omlasting, fellesfunksjonar som renovasjon, garasjar og småbåthamn for fastbuande.

Det er viktig at dei nye tiltaka som kjem plasserast i tråd med ein heilskapsplan for området.

Renovasjonsanlegget er foreslått plassert på rekke langs vegen slik at det er lett å brøyte rundt og blir tilgjengeleg frå to sider. Småbåthamna må detaljprosjekterast. Tiltaket er plassert nord for dagens småbåthamn der ein kan bruke same utsettingsrampe som i dag.



Utsnitt av illustrasjonsplan viser korleis knutepunktet i enden av Varlandsvegen er tenkt organisert.

Tunet på Tangen

Innafor det kombinerte formålet næring/tjenesteyting (N/T), legg planen til rette for eit fellestun med fleksible funksjonar som vil vera nyttige for dei som bur på Møsstrand. Tunet skal vera fleksibelt, arealeffektivt og plasserast nær knutepunktet på Tangen. Føremålet er å utvikle ein møteplass med ulike nærmiljøfunksjonar som stadbunden nærings-verksemd, overgangsbustadar, pendlarhusvære i periodar med utrygg is, prøvebustadar og sosiale møteplassar. Det er ynskjeleg å bygge fleire bygg som dannar eit tun omkring eit felles samlingspunkt. Føresegnene sikrar at det etablerast eit tun med minst 3 frittstående bygg og at

bygningane får ein stadstilpassa utsjånad med berekraftig materialbruk. Det skal byggjast med saltak med min 28 graders vinkel og maks. 35 grader. Bygga kan etablerast i 1 etasje, i tillegg til ein under-etasje der det er hensiktsmessig for å minske inngrep på terreng og vegetasjon.



Illustrasjonar viser 1. etasjes bygg med saltak plassera saman som eit tun til venstre og korleis ein kan legge inn ein underetasje der terrenget tillet det i bilete til høgre

Verkstad, garasje og butikk

Innafor formålet spredt næringsbebyggelse, (LSN2), opnar planen for å etablere eit område der ein kan samle næringsfunksjonar som nærbutikk, garasje og verkstad. Det er lagt opp til å bruke eksisterande avkøyrsløp. Tomta er skrånande ned mot vatnet i sør. Garasjane nærast vegen skal leggjast inn i terrenget slik at dei blir lite synlege frå vegen og slik at ein får ei god terrengtilpassing i prosjektet, med ei fleksibel flate med fellesområde som binder dei to bygga mot vegen saman med bygga som ligg nærast vatnet. Føresegnene sikrar at det etablerast eit tun med minst 3 frittstående bygg og at bygningane får ein stadtilpassa utsjånad med berekraftig materialbruk og grønne tak.



Bilete viser garasjar, nærbutikk og verkstad som samla næringsfunksjonar langs Varlandsvegen



Det planleggast å bruke eksisterande avkøyrsløse til dei nye tiltaka

Utleiehyttene

Innafor formålet utleiehytter (UTL), legg planen til rette for utleiehytter med enkel standard **med straum**, der ein skal ha fokus på å minimere inngrep ved bygging. Endeleg plassering i terreng vil avgjera kva for ein fundamenteringsmetode som er mest eigna.



Utleiehyttene skal vera små, enkle hytter utan bilveg fram



Utleiehyttene er illustrert som små, enkle hytter der plassering i terreng vil avgjera kva for ein fundamenterings-metode som er best eigna. Hyttene skal innpassast i terreng og innimellom bjørkekrullane slik at inngrepet blir minimalt og mest mogeleg reversibelt. Form og materialbruk tek utgangspunkt i lokal bygningstradisjon

Formidlingspunkt

Innafor formålet uthus/naust (UNB), opnar planen for å plassere eit naust lengst sør i planområdet. Dette er tenkt som båthus og visningsstad for båten til Sam Eyde, Alida. Båten er ein del av forteljinga om korleis Sam Eyde i si tid kjøpte opp gardar og rettigheter frå dei lokale bøndene langs Møsvatn. Bygget er derfor også tenkt som formidlingspunkt knytt til denne delen av forteljinga om verdsarven og etableringa av industriaksen Rjukan – Notodden.



Båthuset som er illustrert er plassert på stolpar i strandsona og med skinnegang og løftesystem for å få båten ut og inn. Lemmer framfor store glasfelt i kledningen kan opnast ved bruk av bygget som formildingsstad for Verdsarven



Illustrasjonane viser plassering av båthuset lengst sør i planområdet. Ein enkel gangsti knyter bygningane saman frå tilrettelagt parkering ved nytt garasjeanlegg, butikk og verkstad



Bygga kan leggjast godt inn i terreng og få grønne tak. På den måten kan dette tiltaket bli eit godt tilpassa næringsområde på flata langs Varlandsvegen

6.6 Trafikk

For dei nye byggeområda er tilkomst frå fylkesvegen planlagd i tråd med normalen i handbok N100, veg- og gateutforming. Byggjegrænse er min 15m frå senterline av Varlandsvegen.

For tiltak på og langs fylkesveg er det i reguleringsføresegnene sett eit rekkefylgjekrav om at detaljert byggeplan skal vera godkjent av Telemark fylkeskommune før det vert gjeve igangsetjingsløyve for tiltaket.

For spreidd utbygging vil det vera vanskeleg og lite teneleg å fastsetje avkøyrsløye og byggjegrænse mot fylkesveg i reguleringsplanen. Reguleringsføresegnene fastset at avkøyrsløye og byggjegrænse mot fylkesveg skal handsamast som enkeltsaker etter veglova, under tiltak for spreidd utbygging.

6.7 Tilknytning til infrastruktur

Alle bygga som treng vatn, avløp og straum må koplust til eksisterande anlegg.

Det har vært dialog Rauland kraftlag om behov for oppgradering og plassering av nettstasjoner i høve til nye tiltak i planen. Endelig avklaring gjøres i seinere detaljeringsfase.

Det må søkjast om utsleppsløye dersom dagens renseanlegg ikkje har nok kapasitet til å ta i mot avløp frå nye bygg, eller om det etablerast nytt renseanlegg.

Det må truleg etablerast borevatn for vassforsyning.

For utleiehyttene kan det etablerast ei enklare løysing for sanitæranlegg, t.d. med doløysing som ikkje treng vatn og avløp (type forbrenningsdo, biodo eller liknande) og sommarvatn til utekran. Det kan ved seinare høve leggast inn vatn og etablerast lokalt renseanlegg dersom behovet endrar seg.

6.8 Planlagde offentlege anlegg

Renovasjonsanlegget blir eit offentleg anlegg.

6.9 Miljøoppfylging

Det vert ikkje stilt krav til miljøoppfylgingsprogram. For at tiltaket skal ha optimal klimaeffekt, bør lågt klimafotavtrykk vera eit viktig kriterie i innkjøpsprosessen. Det å ta klima- og miljøomsyn i alle offentlege innkjøp, er forankra i den regionale klimaplanen.

6.10 Universell utforming

Fellestunet skal vera tilrettelagt med universell utforming.

Utleiehyttene blir ikkje universelt utforma. Hyttene skal plasserast skånsomt for å unngå større terrenginngrep i naturen og vere arealeffektive for å begrense fotavtrykket.

6.11 Landbruksfaglege vurderingar

Planområdet ligg inne som LNF-område i forslag til overordna kommuneplan, men er i dag ikkje nytta som aktive dyrkingsareal.

7 VERKNADER/ KONSEKVEN SAR AV TILTAKET

7.1 Overordna planar

Planforslaget går frå å vera spreidd næring i LNF-område i kommuneplanen, til å konsentere byggjeområda til eit avgrensa område. Planforslaget opnar for fleire bygg en dagens kommuneplan opnar for, men føremåla er nå spesifisera til ynskte byggjeprojekt i dei ulike områda. Det er arbeidd med å tilpasse og avgrense areala til det som er naudsynt for tiltaka.

Dei ubebygde områda vil i planforslaget liggje som naturføremål og på den måten sikrast mot spreidde inngrep. Slik kan viktige naturområde som myr sikrast mot inngrep, og areal der mogleg villreintrekk kan skje, ligg utanfor planområdet.

Planforslaget er i tråd med regional plan for Regional plan for Hardangervidda 2019-2035 og arealstrategien til kommunen, vedteke i 2024.

Det har vore dialog med arealplanleggjar i Vinje kommune for å koordinere mot det pågåande arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

7.2 Landskap

Konsekvensane av tiltaka det no vert lagt til rette for på Tangen, er ikkje dramatisk for endringar av landskapsbilete. Det vert lagt opp til å byggje på flatene langs vegen samstundes som ein tek vare på skog og myr. Dette, saman med at det er stilt krav til stadtilpassa utforming av bygga, gjer at landskapet i stor grad vil opplevast som i dag.



Illustrasjon av tiltaka planen legg til rette for (planlagde bygg vist som ljosebrune og eksisterande bygg som kvite), viser at bjørkeskogen er teke vare på i eit belte langs vegen og at nye bygg er tilpassa innimellom skog og terrengformer

7.3 Estetikk byggjeskikk

Tiltaka det vert lagt til rette for vil vera i tråd med tradisjonell byggjeskikk. Føresegnene sikrar naturlege materialar, avdempa jordfargar og medveten utforming. Konsekvensane av planen vil derfor vera positive med tanke på estetikk. Målet er at dei nye tiltaka vil vera med på å synleggjera og gje oppleving av tradisjon og kvalitetar i byggeskikk som høyrer heime på Møsstrand.



Tunet på Tangen skal utformast med minimum tre bygg slik at ein sikrar at bygga saman dannar eit tun. Bygga skal plasserast inn i terrenget slik at ein minskar inngrep på terrenget og vegetasjon. Det skal vera saltak på bygga



Området der det kan etablerast nærbutikk, garasje og verkstad skal utformast med maksimalt fire bygg der to og to vert lagt på rekke med eit køyreareal i midten. Det skal byggjast med pulttak med mellom 7 og 9 graders vinkel. Bygga kan etablerast i ein etasje. Bygga nær vegen er planlagt slik at dei ligg inn i terrenget på ein måte som gjer dei lite synlege frå vegen og slik at ein får til god terrengtilpassing av området som heilskap



Nærverknad av garasje, butikk og verkstad syner at dei planlagde bygga vil kunne innpassast i omgjevnadane på ein god måte



Fjernverknad sett frå vatnet syner naust og utleigehyttene til høgre i illustrasjonen. Naturområda som er regulera i største delen av planområdet og mot vatnet sikrar at landskapet blir oppretthalde som i dag i størst mogleg grad.

7.4 Kulturminne og kulturmiljø

Avventar rapport frå kulturminneundersøkinga på føringar frå fylkeskommunen

7.5 Jord- og skogbruksinteresser

Dyrka mark vert ikkje påverka av tiltaket. Den dyrkbare marka som blir berørt av tiltaka kan flyttast til nærliggande jordbruksareal for jordforbetring. Dette er sikra i føresegnene.

7.6 Naturmangfald og tilhøve til naturmangfaldlova § 8-12

§8 – kunnskapsgrunnlaget:

Biofokus AS har kartlagt naturverdiane innafør planområdet, sjå vedlegg 4. *Naturmangfold på Tangen på Møsstrond, Vinje kommune, 31.01.2024.*

Kunnskapen om naturmangfoldet generelt i området er forholdsvis god. Dette gjeld særleg kunnskap på naturtypenivå og om karplantefloraen i området. Kunnskapen om kva området tyder for fuglelivet er mindre. Framfor alt dei frodige skogane i området har truleg ein viktig lokal funksjon for fuglelivet. Insekt og andre virvellause dyr har ein liten kunnskap om i området. Her er det også truleg at både dei rike skogtypene og dei våte områda og myrkompleksa har ein viktig funksjon. I forhold til vidare arealplanlegging er kunnskapen om naturmangfold samla sett forholdsvis god, jfr. Naturmangfoldloven § 8 om kunnskapsgrunnlaget.

Faun AS har laga ei konsekvensvurdering av planarbeidet for villrein, sjå vedlegg X *Vurdering av konsekvens for villrein i forbindelse med reguleringsplanarbeid på Tangen i Vinje kommune, 02.02.24*

Kunnskapsgrunnlaget (§8) vert vurdert til å vera tilfredsstillande med tanke på villrein i utgreiingsområdet, med dei spørsmåla som er omtala i rapporten til Faun.

§9 – Førevar prinsippet:

Areal med naturtyper kartlagt etter instruksar frå Miljødirektoratet og frå DN-handbok 13, er kjerneområde for biologisk mangfald i planområdet. Her bør ein unngå alle former for utbyggingstiltak, fylling av masser eller drenering. Det er ingen kartlagte naturtyper innafør planområdet.


§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Ei økosystemtilnærming, jfr. § 10 i Naturmangfaldlova, tilseier at både dei frodige høgstaude- og lågurtskogane og myrkompleksa har viktige økologiske funksjonar i landskapet. Dei frodige lauvskogane er både kjerneområde for artsmangfald og har for fuglelivet ein økologisk funksjon på landskapsnivå. Myrene i området utgjer ein del av større, samanhengjande myrkompleks med svært viktige funksjonar både for hekkande fuglar og øvrig dyreliv og for økosystemfunksjonar generelt. Myrene i planområdet har ein funksjon som buffer mellom allereie utbygde areal langs Møsstrond og dei større meir urørde myrkompleksa i nordaust. Dei har også ein lokalt viktig tyding for m.a. fuglar og virvellause dyr og for økosystemfunksjonar (hydrologi, vasshushaldning etc.) generelt.

Ingen utbygging eller tiltak er foreslått på sårbare naturtypelokalitetar, myr eller skog med høg bonitet.

Ved vurdering av planlagte tiltak sine konsekvensar for villrein, er den samla belastninga av stor tyding, jf. §10 i NML. Historisk vart trekkpassasjen over Farhovdfjellet/Svinefjell (BV00003229) rekna for å vera eit viktig trekkområde mellom Hardangervidda og Brattefjell-Vindeggen, men dette trekket vurderast å vera ute av funksjon som følgje av omfattande hytteutbygging. I lys av dette vil attverande mogelege trekkpassasjar mot Møsvasstangen vera desto meir aktuelle. Bit for bit-utbygging vert sett på som den største trusselen for

villreinen sine leveområde generelt. Framtidige utbyggingar som resulterer i meir menneskeleg ferdsel og arealbeslag, vil auke presset på området og redusere mogeleg passering for villrein mellom villreinområda. Planområdet og dermed plassering av planlagde tiltak er justert som følgje av rapporten. Plangrensa er nå redusert frå 1800 daa til 120 daa og avgrensinga av planområdet i sør ligg nord for Vardbødden.



Illustrasjonen viser den varsle plangrensa i svart strek og den justerte plangrensa med raud strek saman med mogeleg trekkpassasje som er synt med grøn skravur.

§ 11 Kostnadane ved forringing av miljø skal berast av tiltakshavar

§11 i NML seie at eventuelle tiltak som er naudsynte for å sikre naturverdiane, må dekkast av tiltakshavar. I denne samanheng vert det viset til foreslåtte avbøtande tiltak i kapittel 8, og justering av tiltak gjort tidlegare i planprosessen.

Alle kostnadar ved avbøtande tiltak og andre tiltak som skal forebygge eller begrense miljøskade, skal ivaretakast av tiltakshavar.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Krav til avbøtande tiltak og miljøforsvarlege teknikkar og anleggsmetodar, er ivaretatt i regulerings-bestemmelsane og må fylgjast opp av tiltakshavar og av offentlege godkjenningssyresmakter, det vil seie kommunen si byggesaksavdeling og miljøvernavdelinga hjå statsforvaltaren.

7.7 Geoteknisk vurdering

I følgje NVE sine kart for aktsemd er det ikkje fare for skred eller ras i planområdet. Det vil derfor ikkje vera geotekniske konsekvensar knytt til planforslaget.

7.8 Friluftsinteresser og folkehelse

Konsekvensane av planforslaget for friluftsliv vil vera at det blir mogeleg å overnatte i tunet og ha det som base. Utleiehyttene det opnast for i planen er også med på å auke tilgang til friluftsliv i området. Det skal tilretteleggast for kanalisert ferdsel til hyttene ved etablering av sti slik at sårbare områder skånast. Formidlinga av verdsarven og tilrettelegging for naustet der båten til Sam Eide skal oppbevarast, vil vera eit punkt for oppleving og formidling, og gjennom det auka forståing og interesse for området.

Tunet, som tilrettelegg for at fleire kan bli buande på Møsstrand når dei av ulike grunnar ikkje lenger kan bu heime, vil vera fint for folkehelsa og for tilhøyring til bygda. Også for skuleungar og pendlarar til jobb vil det vera positivt å sleppe å uroe seg for om isen er trygg eller ikkje, men heller kunne overnatte i Tunet på Tungen ved behov.

7.9 Trafikk

Planen vil gje minimale konsekvensar for trafikk. Planen legg ikkje opp til tiltak som vil auke aktivitet i stor grad. Både tunet, småbåthamna, garasjar, verkstad og butikk er funksjonar som hjelper til at dei fastbuande kan bli buande. Det vil føre til lite auke i trafikk. Alle tiltaka legg opp til eksisterande køyremønster. Det kjem til ein ny avkjørsle ved Tunet på Tangen. Tiltaka legg betre til rette for den trafikken som alt er her. Nye avkjørsler langs fylkesveg skal godkjennast av fylkeskommunen.

7.10 Born- og unge sine interesser

Planen opnar for næring som gjer det enklare å bli buande. Trafikksituasjonen er uendra. Sommarjobb på butikken og i fellestunet vil vera positivt for dei unge.

7.11 Eldre sine interesser

Planforslaget tilrettelegg for at eldre kan bli buande i bygda med lettare tilkomst for offentlege tjenester samt tilrettelagte aldersvennlege bueiningar i Tunet på Tangen.

7.12 Sosial infrastruktur

Møsstrond ligg i yttergrensa av fast busetnad i landet, opp mot 1000 m.o.h. Veglause gardar, varierende vassstand, vêrhardt klima, kort vekstsesong og små og tungdrivne gardar gjer Møsstrond-samfunnet spesielt. Samtidig gjev utfordringane eit spesielt fellesskap. Vår og haust, i overgangs-periodane mellom ope og islagt vatn, er dei veglause gardane avskorne frå kontakt til sentrale strok. I desse periodane blir naboar som kan nåast langs land viktige. Evne til sjølvberging og å finne kreative og praktiske løysingar er viktig i dette bygdesamfunnet. Det å leggje til rette for Tunet på Tangen, og i tillegg opne for at det er mogeleg å drifte ein liten butikk og verkstad i kombinasjon med nokon fleire garasjeplassar, er med på å betre tilhøva for at komande generasjonar ynskjer å bli buande. Tiltaka planen legg til rette for er alle kome til gjennom medverkinga i planprosessen.

7.13 Klimatilpassing

Klimagassutslepp som konsekvens av tiltaket:

Tunet det blir lagt til rette for vil kunne vera med på å styrke miljømessig, sosial og økonomisk berekraft i dette bygdesamfunnet. Fleirbruk og fleksibilitet vil vera med på å redusere utslepp. Fleire funksjonar kan dekkast på relativt lite areal – noko som gjev reduserte utslepp ved bygging og drift. (energibruk m.a.) Dei areala som er forelått regulert til byggjeområde ligg på skogsmark med låg bonitet eller impediment. Desse areala gjev relativt lågare CO₂ utslepp frå karbonlager i jord enn tilfellet er frå myr eller høgbonitets-skog. Ingen utbygging er foreslått på myr eller skog med høg bonitet.

Klimatilpassing i tiltaket:

Myrområda i planområdet er ivaretatt og skal ikkje byggast ut. Desse områda kan ha vassregulrande effekt. Det er lagt inn faresone for flom i plankartet i henhold til NVE sin kartdatabase. Følgande føresegnar er knytt til faresona:

For alle tiltak innanfor faresone flom (H320) skal nødvendige tiltak treffes for å redusere risiko for skade ved flom. Konstruksjonar og tekniske installasjonar som er sårbare for vatn skal løftast opp over flomnivå eller beskyttast mot skade på annan måte.

Desse tiltaka vil gjera planområdet robust for ein evt auke i flaumsituasjonar pga klimaendringar. Det er og lagt inn føresegnar som skal sikre god handtering av overvatn og flaumvatn:

Overvatn skal fortrinnsvis få avløp gjennom infiltrasjon i grunnen og opne vatnvegar. Bygningar og anlegg skal utformast slik at naturlege flaumvegar ivaretakas og tilstrekkeleg sikkerheit mot oversvømming oppnås.

På Møsstrond kan ein forvente at klimaendringane vil føre til auka snømengder. Dette vil vera naudsynt med gode areal til snøopplag og gode grøfter med god avrenning. Dette er sikra i føresegnene. I tillegg må ein for alle byggetiltak ta omsyn til klimaendringar med auka snølast. Vidare må lokalsamfunnet vera godt budd mtp brøyting.

7.14 Oppsummering frå ROS analysen

7.14.1 Risikomatrix for potensielle framtidige hendingar med reguleringsplanforslaget

Dei analyserte, uynskte hendingane (nr1-5) er plasserte i matriser som syner risiko som eit resultat av konsekvens og sannsynlegheit. Plassering i øvste, høgre hjørne gjev størst risiko. Nederste venstre hjørne gjev lågast risiko.

Desse hendingane er analysert:

1. Utrygg is
2. Flaum
3. Stengd veg
4. Straumbrot
5. Brann i garasjeanlegg eller hamn

SANNSYNLIGHET	KONSEKVENSER FOR LIV OG HELSE			
		Små	Middels	Store
	Høg >10%		3	
	Middels 1-10%	2, 4, 5		
	Låg <1%			1

SANNSYNLIGHET	KONSEKVENSER FOR STABILITET			
		Små	Middels	Store
	Høg >10%	3		
	Middels 1-10%	2, 5	4	
	Låg <1%	1		

SANNSYNLIGHET	KONSEKVENSER FOR MATERIELLE VERDIER			
		Små	Middels	Store
	Høg >10%	3		
	Middels 1-10%	2, 4		5
	Låg <1%	1		

Tabellane er henta frå ROS-analyse og syner analyse av hendingane

7.14.2 Identifiserte tiltak for å redusere risiko og sårbarhet

FORSLAG TIL TILTAK OG MOGELEG OPPFYLGING I AREALPLANLEGGING OG ANNA	
TILTAK	OPPFØLGING
Opplyse tilreisande om risikoen ved å ferdast på isen. Legge til rette for midlertidig overnatting for å minske behovet for å reise over isen i farlege periodar.	Fylgje opp handlingsrommet reguleringsplanen gjev til å byggje fellestun.
Bygg og tiltak må tilpassast/ tåle flaum	Sikrast i føresegner. Oppfylging i byggjefase.
Jamt vegvedlikehald, rydding av tre langs vegen. Beredskapsrom etablerast ved knutepunktet.	
Beredskapsutstyr/ brannsløkkingsutstyr på staden Forsvarleg lagring av drivstoff	

7.15 Konsekvensar for næringsinteresser

Det å leggje til rette for Tunet på Tangen og i tillegg opne for at det kan startast opp for ein liten butikk, utleigehytter og verkstad, er med på å leggje til rette for at det kan vera liv laga å bu og drive verksemd her.

7.16 Interessesettnadar

Villrein, garasjar, utleige eller sjølvkost,

8 AVSLUTTANDE KOMMENTAR

Grunngjeving for plangrepet:

Målet med planen er å leggje til rette for stadbunden næring og eit berekraftig grunnlag for fast busetjing på Møsstrond. Det har gjennom planarbeidet vore ynskjeleg med dialog med lokalsamfunnet om å utvikle tiltak som styrkar eksisterande busetjing og også kan føre til ny busetjing.

Tiltaka planen legg til rette for er alle kome til gjennom medverkinga i planprosessen. Dei vurderast derfor som gode og treffsikre svar for lokalsamfunnet. Det å leggje til rette for Tunet på Tangen, opne for drift av ein liten butikk, utleigehytter, fleire garasje plassar, ei ny småbåthamn og byggje eit naust til båten Alida med rom for å formidle historien på Møsstrond, er alle tiltak som er med på å betre tilhøva for at komande generasjonar ynskjer å bli buande.

Planforslaget går frå å vera spreidd næring i LNF i kommuneplanen til å konsentere byggjeområda i avgrensa område. Føremåla er nå spesifiserte til konkrete byggjeprojekt det er kome ynskje om i dei ulike områda. Dei ubebygde områda vil i planforslaget liggje som naturføremål og på den måten vera sikra mot spreidde inngrep. Slik kan viktige naturområde som t.d. myr sikrast mot inngrep, og areal der mogleg villreintrekk kan skje ligg utanfor planområdet.

Planforslaget er i tråd med regional plan for Regional plan for Hardangervidda 2019-2035 og kommunen sin arealstrategi vedteken i 2024.

Rammene planen set tek utgangspunkt i stad og landskap. Illustrasjonane av tiltaka syner at ei slik utbygging som nå planleggast vil ta omsyn til kvalitetane i området.

Gjennom planprosessen har ein kome fram til tiltak som vil styrke eit berekraftig grunnlag og gje eit godt utgangspunkt for å styrkje fast busetjing på Møsstrond.